

postmottak@sunnfjord.kommune.no

Førde,  
13.06.2022

Dette brevet er sendt på vegne av Sunnfjord Kajakklubb, DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Birdlife Sogn og Fjordane

## Detaljregulering Indre Øyrane, gbnr. 21/576

### Sunnfjord kommune, saksnummer 20/134

#### Saka gjeld

Viser til Offentleg ettersyn for detaljreguleringsplan for Indre Øyrane gbnr. 21/576.

Norconsult AS har på vegne av Førde Handelspark AS. utarbeidd framlegg til Detaljregulering Indre Øyrane, gbnr. 21/576. Planområdet ligg nord for Alti kjøpesenter i Førde Sentrum, og er ca. 25 dekar. Planframlegget legg til rette for utbygging av eit større forretningsbygg med parkeringsplass, og utbygging av bustadar i framtida.

#### Uttale frå Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane

- Detaljplanen avviker på fleire punkt frå den overordna områdeplanen.
- FNF vil fråråde å bygge stort forretningsbygg med tilkomst for bilveg, varelevering og 400 nye parkeringsplassar, tett på del av regionalt viktig naturområde, slik detaljreguleringa til Indre Øyrane gbnr. 21/576 legg fram.
- Det må vere solid buffer mellom Løken og all type trafikkareal.
- Det som er regulert som torg må ikkje kunne brukast til varelevering eller parkering.
- FNF oppmodar til at omsynet til dei mjuke trafikantane på torgarealet og aksen mot nye Førde Vidaregåande blir betre ivareteke i reguleringsføresegnene .
- I § 4.6 i føresegnene bør det inn eit krav om minimum seglingshøgde på 100 cm ved flo sjø under gangbrua.
- FNF vil fråråde å avvike frå overordna områdeplanen i detaljplanlegginga, der det lagt stor vekt på verdien av det gamle elveløpet av Jølstra, Løken, med eit rikt fugleliv, verdi som våtmarksområde og rekreasjonsområde, etter mykje medverknad frå lag og organisasjonar.

#### Viktig naturområde, Løken, må bevarast

Indre Øyrane gbnr. 21/576 inkludera del av naturområdet Løken, som er årsaka til strenge krav om høg utnytting og effektiv arealbruk på Indre Øyrane. FNF Sogn og Fjordane ber om at området ned mot Løken, i denne planen, blir regulert som torg/gangareal, grønstruktur eller naturområde i sjø og vassdrag, og at ein ikkje bygger ut veg, varelevering og/eller parkering tett opp til dette området. Vi er uroa for at torgområdet blir eit trafikkareal då vi ser at det er tenkt varelevering rundt heile bygget. Dette avviker kraftig frå føringar og føresegner i overordna områdeplan.



FNF ynskjer at Løken framleis blir løfta fram som eit spesielt verdifullt naturområde i Førde. At fokuset på blågrøne strukturar på Indre Øyrane blir vedlikehalde og at det må vere ei solid buffersone mellom Løken og trafikkareala kring eit kjøpesenter/handelsbygg. FNF Sogn og Fjordane fryktar at bit-for-bit endring og avvik frå områderegeringsplanen vil gje negative verknadar og konsekvensar for det viktige natur- og friluftsområdet Løken. Det ligg ikkje føre vurderingar eller opplysningar om kva konsekvensar eller verknadar avvika vil få for den delen av naturområdet Løken som kjem under denne detaljreguleringa. Slik vurdering må føreligge ved avvik.

### **Menneske og natur i sentrum**

Ein viktig del av utviklinga av Førde sentrum må vere å leggje til rette for fleire gåande og syklende og ta vare på naturverdiar som finst naturleg i området. Dette vil gjere natur og friluftsliv meir tilgjengeleg for folk og ha positiv effekt på folkehelsa. Vi ser at det i detaljreguleringsplanen ligg inne ei ny gangbru som skal kople eit torgareal saman med handelsområdet på sørsida. Vi har dårleg erfaring med kulverten og omsyn til seglingshøgda for kajakkpadlarar.

FNF oppmodar til at omsynet til dei mjuke trafikantane på torgarealet og aksen mot nye Førde Vidaregåande blir betre ivareteke i reguleringsføresegnene. I § 4.6 i føresegnene bør det inn eit krav om minimum seglingshøgde på 100 cm ved flo sjø under gangbrua. Vi er elles nøgd med at det i rekkefølgekrava vert sagt at Løken ved innløpet frå Jølstra får senka botnen og dermed betre gjennomstrøyming av vatn og djupne.

### **Viktig å ivareta demokratiske prosessar**

Gjennom ein lang planprosess vart områderegeringsplan Indre Øyrane, vedteken 28.03.2019, og revidert den 27.11.2019. Områderegeringsplanen hadde stor medverknad frå ulike lag og organisasjonar tilbake i 2016. Det har vore eit stort engasjement og ein viktig demokratiske prosess for å få på plass ein områderegeringsplan for Indre Øyrane, som har vore spesielt viktig for naturområdet Løken. I denne planen er det lagt stor vekt på verdien av det gamle elveløpet av Jølstra, Løken, med eit rikt fugleliv, verdi som våtmarksområde og rekreasjonsområde. FNF Sogn og Fjordane vil fråråde å avvike frå denne planen i detaljplanlegginga.

### **Om FNF**

*Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane er eit samarbeidsnettverk for natur- og friluftslivorganisasjonar i regionen. Vårt mål er å ivareta natur- og friluftslivinteressene i Sogn og Fjordane ved å styrke og fremje organisasjonenes arbeid, være ein møteplass for samarbeid og ein arena for kompetansebygging for natur- og friluftslivorganisasjonane med sitt virke i regionen.*

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

---

Ket Fossen,  
Koordinator, FNF Sogn og Fjordane